

TIL
ORIENTERING !

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I NGIR

Det vert årsmøte i NGIR **måndag 26. mai 2014 kl. 11.30** i Kjevikdalen.

Sakliste:

- Sak 01/14 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 02/14 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
- Sak 03/14 Meldingar
 - a) Presentasjon av resultat frå resipientgranskinga i Lurefjorden
 - b) Diverse anna munnleg orientering
- Sak 04/14 Årsrekneskap 2013
- Sak 05/14 Årsmelding 2013
- Sak 06/14 Honorar til revisor for 2013
- Sak 07/14 Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
- Sak 08/14 Val av leiar og nestleiar i styret

Møtet startar med mat.

Me har tidlegare opplevd at NGIR sitt representantskap ikkje har vore vedtaksført som følge av stort forfall utan varsel / varsel med særskilt kort frist. Me oppfordrar difor alle til å melde frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant. Melding kan gjevast til ngir@ngir.no.

Kjevikdalen, 12.05.14

Sveinung Kråkås
- Leiar i representantskapet -


Erlend Kleiveland
- Dagleg leiar -



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.14

Sak nr: 04/14

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Rekneskap 2013

Vedlegg:

Rekneskap totalt og for kvar avdeling 2013

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2013

Generelt

Rekneskapen for 2013 er gjort opp med eit overskot før skatt på kr 5 599 859. Resultat etter skatt er kr 4 494 532.

Driftsinntektene var 91,2 millionar kroner, noko som er ein nedgong på 2,7 % frå 2012.

Driftskostnadene utgjorde 86,5 millionar kroner. Dette er det same som i 2012.

Rekneskapen er lagt fram under føresetnad om framleis drift.

Driftsinntekter

Driftsinntektene var 91,2 millionar kroner, noko som er 2,3 millionar (2,5 %) mindre enn budsjettert. Nærare forklaring til avvika finn ein under "Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2013"

Inntektene frå hushald var kr 178 000 (0,4 %) lågare enn budsjettert, noko som i hovudsak skuldast lågare prisar på salsvarer enn rekna med.

Inntektene frå næring var kr 3 493 000 (9,9 %) lågare enn budsjettert. Dette skuldast lågare avfallmengder, mindre steinsal og lågare prisar på salsvarer enn budsjettert.

Inntektene frå slam var kr 1 002 000 (14,6 %) høgare enn budsjettert grunna fleire tømte private og kommunale avskiljarar enn rekna med. Inntektene frå bilvrak hadde eit positivt avvik på kr 330 000 (15,5 %), grunna fleire bilvrak levert enn budsjettert.

Driftskostnader

Driftskostnadene utgjorde 86,5 millionar kroner. Dette er 6,6 millionar (7,1 %) lågare enn budsjettert.

Driftskostnadene for hushald var kr 519 000 (1,1 %) lågare enn rekna med. Dette skuldast mellom anna lågare avskrivningar (grunna utsette investeringar) enn budsjettert.

Driftskostnadene for næring var kr 5 874 000 (16,6 %) lågare enn budsjettert. Lågare avfallsmengder er hovudårsaka til avviket. Kostnadene for slam var kr 86 000 (1,2 %) lågare enn budsjettert. Kostnadene for bilvrak var kr 136 000 (6,4 %) lågare enn budsjettert hovudsakleg grunna lagerendringar.

Finanspostar

Netto finanskostnader har eit positivt avvik på 710 000 grunna utsett låneopptak (utsett investering) og høgare renteinntekter enn budsjettert.

Resultat 2013

Resultata (etter skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2013	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 1 637 685	kr 898 000	kr 739 685
Verksemd	kr 1 719 819	kr 0	kr 1 719 819
Slam	kr 817 562	-kr 283 000	kr 1 100 562
Bilvrak	kr 319 466	kr 0	kr 319 466
Totalt	kr 4 494 532	kr 615 000	kr 3 879 532

Resultata frå hushald og slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad / netto anleggskostnad samt tomtekostnad (fråtrekt tidlegare års avskrivningar) med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik effektiv rente på norske statsobligasjonar med 3 års gjenstående løpetid, med eit tillegg på 1 prosent. For 2013 utgjer den 2,63 %. Sjå note 12 for utrekning av alternativkostnad.

NGIR har i 2013 investert i varige driftsmidlar for 22,9 millionar kroner. Investeringane er spesifisert i note 3 til rekneskapen.

Langsiktig gjeld per 31.12.13 er kr 15 064 000, ein auke på kr 2 161 000 frå 2012. Forpliktingane til etterdrift har auka med kr 1 313 000, medan pensjonsforpliktingane har auka med kr 847 000. NGIR hadde per 31.12.13 ingen langsiktig lånegjeld.

Avsetjing til utjamningsfond hushald og avsetjing til utjamningsfond slam er i tråd med sjølvkostprinsippet. Det vert føreslått å setja av kr 3 000 000 av overskotet til finansiering av sorterings- /omlastingsanlegg. Samla avsetning vil då vera oppe i kr 12 000 000. Resterande vert føreslått avsett til opparbeidd eigenkapital.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetning til utjamningsfond hushald	575 026	6 371 861
Avsetning til utjamningsfond slam	848 686	2 816 180
Avsetning til miljøfond	0	9 500 000
Avsetning til sorterings- / omlastingsanlegg	3 000 000	12 000 000
Avsetning til opparbeidd eigenkapital	70 820	35 224 960
Sum disponering	4 494 532	

Vedtak i styret 28.04.14:

Styret rår til at representantskapet godkjenner rekneskapen med følgjande disponering:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetning til utjamningsfond hushald	575 026	6 371 861
Avsetning til utjamningsfond slam	848 686	2 816 180
Avsetning til miljøfond	0	9 500 000
Avsetning til sorterings- / omlastingsanlegg	3 000 000	12 000 000
Avsetning til opparbeidd eigenkapital	70 820	35 224 960
Sum disponering	4 494 532	

Hushald

Rekneskap 2013

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	%vis avvik
DRIFTSINNTEKTER				
Handsamingsinntekter	kr 21 462 482	kr 21 342 000	kr 120 482	0,6 %
Transportinntekter	kr 23 453 326	kr 23 328 000	kr 125 326	0,5 %
Salgsinntekter	kr 3 945 915	kr 4 373 610	-kr 427 696	-9,8 %
Leigeinntekter	kr 88 000	kr 100 000	-kr 12 000	-12,0 %
Andre driftsinntekter	kr 88 512	kr 72 900	kr 15 612	21,4 %
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 49 038 234	kr 49 216 510	-kr 178 276	-0,4 %
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	kr 711 924	kr 799 490	-kr 87 566	-11,0 %
Handsaming av avfall	kr 3 971 280	kr 4 288 012	-kr 316 732	-7,4 %
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0	
Transport inn	kr 16 195 209	kr 16 639 500	-kr 444 291	-2,7 %
Personalkostnader	kr 11 838 315	kr 10 844 327	kr 993 988	9,2 %
Avskrivningar	kr 3 607 120	kr 4 415 150	-kr 808 030	-18,3 %
Transport ut	kr 6 271 473	kr 6 330 525	-kr 59 052	-0,9 %
Energi til produksjon	kr 386 815	kr 404 321	-kr 17 506	-4,3 %
Kostnad lokale	kr 294 851	kr 231 393	kr 63 458	27,4 %
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 10 159	kr 37 874	-kr 27 714	-73,2 %
Verkty, inventar og materiell	kr 711 183	kr 511 799	kr 199 385	39,0 %
Deponiavgift	kr 69 773	kr 71 164	-kr 1 391	-2,0 %
Reparasjon og vedlikehold	kr 980 492	kr 900 557	kr 79 935	8,9 %
Eksterne tenester	kr 277 085	kr 294 688	-kr 17 603	-6,0 %
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 468 709	kr 527 958	-kr 59 248	-11,2 %
Telefon, porto o.l.	kr 214 697	kr 239 473	-kr 24 776	-10,3 %
Kostnad transportmidler	kr 413 733	kr 357 656	kr 56 077	15,7 %
Reiser og diett	kr 118 864	kr 95 981	kr 22 882	23,8 %
Sals- og reklamekostnad	kr 573 741	kr 584 398	-kr 10 658	-1,8 %
Kontingent og g�ve	kr 127 076	kr 145 269	-kr 18 193	-12,5 %
Forsikring, garantikostnad	kr 584 180	kr 572 117	kr 12 063	2,1 %
Andre driftskostnader	kr 78 185	kr 136 715	-kr 58 529	-42,8 %
Tap o.l.	kr 17 442	kr 13 000	kr 4 442	34,2 %
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 47 922 306	kr 48 441 367	-kr 519 061	-1,1 %
DRIFTSRESULTAT	kr 1 115 928	kr 775 143	kr 340 785	44,0 %
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter	kr 527 001	kr 273 132	kr 253 869	92,9 %
Finanskostnader	kr 5 244	kr 150 276	-kr 145 032	-96,5 %
NETTO FINANSPOSTAR	kr 521 757	kr 122 856	kr 398 900	324,7 %
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 1 637 685	kr 898 000	kr 739 685	82,4 %
Ekstraordin�r inntekt	kr 0	kr 0	kr 0	
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0	
PERIODERESULTAT	kr 1 637 685	kr 898 000	kr 739 685	82,4 %

Verksemd

Rekneskap 2013

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	%vis avvik
DRIFTSINNTEKTER				
Handsamingsinntekter	kr 20 342 874	kr 22 468 000	-kr 2 125 126	-9,5 %
Transportinntekter	kr 4 625 281	kr 4 709 000	-kr 83 719	-1,8 %
Salgsinntekter	kr 4 991 433	kr 6 140 472	-kr 1 149 039	-18,7 %
Leigeinntekter	kr 1 912 997	kr 2 048 000	-kr 135 003	-6,6 %
Andre driftsinntekter	kr 7 430	kr 8 100	-kr 670	-8,3 %
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 31 880 015	kr 35 373 572	-kr 3 493 557	-9,9 %
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	kr 336 716	kr 470 510	-kr 133 794	-28,4 %
Handsaming av avfall	kr 3 157 169	kr 3 906 988	-kr 749 819	-19,2 %
Steinuttak	kr 2 062 046	kr 2 706 000	-kr 643 954	-23,8 %
Transport inn	kr 4 217 580	kr 4 508 500	-kr 290 920	-6,5 %
Personalkostnader	kr 7 972 536	kr 8 396 719	-kr 424 184	-5,1 %
Avskrivningar	kr 2 598 860	kr 3 726 125	-kr 1 127 265	-30,3 %
Transport ut	kr 4 605 248	kr 6 484 475	-kr 1 879 227	-29,0 %
Energi til produksjon	kr 534 121	kr 635 399	-kr 101 277	-15,9 %
Kostnad lokale	kr 198 568	kr 179 166	kr 19 401	10,8 %
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 17 442	kr 193 325	-kr 175 884	-91,0 %
Verkty, inventar og materiell	kr 423 815	kr 326 597	kr 97 218	29,8 %
Deponiavgift	kr 705 444	kr 950 836	-kr 245 392	-25,8 %
Reparasjon og vedlikehald	kr 1 316 258	kr 1 192 217	kr 124 041	10,4 %
Eksterne tenester	kr 186 603	kr 228 176	-kr 41 573	-18,2 %
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 139 064	kr 187 449	-kr 48 384	-25,8 %
Telefon, porto o.l.	kr 89 959	kr 115 972	-kr 26 013	-22,4 %
Kostnad transportmidler	kr 193 537	kr 167 344	kr 26 193	15,7 %
Reiser og diett	kr 80 049	kr 74 318	kr 5 731	7,7 %
Sals- og reklamekostnad	kr 214 241	kr 208 602	kr 5 640	2,7 %
Kontingent og g�ve	kr 85 580	kr 112 481	-kr 26 901	-23,9 %
Forsikring, garantikostnad	kr 859 840	kr 393 838	kr 466 003	118,3 %
Andre driftskostnader	kr 47 624	kr 89 511	-kr 41 888	-46,8 %
Tap o.l.	-kr 508 830	kr 153 000	-kr 661 830	
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 29 533 470	kr 35 407 547	-kr 5 874 078	-16,6 %
DRIFTSRESULTAT	kr 2 346 545	-kr 33 975	kr 2 380 520	-7006,7 %
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter	kr 309 223	kr 160 751	kr 148 472	92,4 %
Finanskostnader	kr 3 778	kr 126 776	-kr 122 998	-97,0 %
NETTO FINANSPOSTAR	kr 305 445	kr 33 975	kr 271 470	799,0 %
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 2 651 990	kr 0	kr 2 651 990	
Ekstraordin�r inntekt	kr 0	kr 0	kr 0	
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0	
PERIODERESULTAT	kr 2 651 990	kr 0	kr 2 651 990	

Slam

Rekneskap 2013

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	%vis avvik
DRIFTSINNTEKTER				
Handsamingsinntekter	kr 1 299 679	kr 1 134 000	kr 165 679	14,6 %
Transportinntekter	kr 6 559 140	kr 5 723 000	kr 836 140	14,6 %
Salgsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
Leigeinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
Andre driftsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 7 858 819	kr 6 857 000	kr 1 001 819	14,6 %
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	kr 4 779	kr 187 000	-kr 182 221	-97,4 %
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0	
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0	
Transport inn	kr 6 158 887	kr 6 123 000	kr 35 887	0,6 %
Personalkostnader	kr 511 269	kr 520 824	-kr 9 555	-1,8 %
Avskrivningar	kr 181 877	kr 113 344	kr 68 533	60,5 %
Transport ut	kr 0	kr 0	kr 0	
Energi til produksjon	kr 44 256	kr 49 995	-kr 5 739	-11,5 %
Kostnad lokale	kr 12 734	kr 11 113	kr 1 621	14,6 %
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 439	kr 1 819	-kr 1 380	-75,9 %
Verkty, inventar og materiell	kr 27 179	kr 20 258	kr 6 921	34,2 %
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0	
Reparasjon og vedlikehold	kr 82 682	kr 72 416	kr 10 266	14,2 %
Eksterne tenester	kr 11 967	kr 14 153	-kr 2 186	-15,4 %
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 6 893	kr 9 593	-kr 2 701	-28,2 %
Telefon, porto o.l.	kr 2 336	kr 3 937	-kr 1 601	-40,7 %
Kostnad transportmidler	kr 0	kr 0	kr 0	
Reiser og diett	kr 5 133	kr 4 610	kr 524	11,4 %
Sals- og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0	
Kontingent og g�ve	kr 5 488	kr 6 977	-kr 1 489	-21,3 %
Forsikring, garantikostnad	kr 3 375	kr 3 464	-kr 89	-2,6 %
Andre driftskostnader	kr 626	kr 3 065	-kr 2 439	-79,6 %
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0	
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 7 059 919	kr 7 145 568	-kr 85 649	-1,2 %
DRIFTSRESULTAT	kr 798 900	-kr 288 568	kr 1 087 468	-376,9 %
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter	kr 18 926	kr 9 444	kr 9 483	100,4 %
Finanskostnader	kr 264	kr 3 876	-kr 3 611	-93,2 %
NETTO FINANSPOSTAR	kr 18 662	kr 5 568	kr 13 094	235,2 %
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR	kr 817 562	-kr 283 000	kr 1 100 562	
EKSTRAORD POSTAR				
Ekstraordin�r inntekt	kr 0	kr 0	kr 0	
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0	
PERIODERESULTAT	kr 817 562	-kr 283 000	kr 1 100 562	

Bilvrak

Rekneskap 2013

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	%vis avvik
DRIFTSINNTEKTER				
Handsamingsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
Transportinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
Salgsinntekter	kr 2 454 890	kr 2 124 917	kr 329 972	15,5 %
Leieinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
Andre driftsinntekter	kr 0	kr 0	kr 0	
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 2 454 890	kr 2 124 917	kr 329 972	15,5 %
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	-kr 296 000	kr 0	-kr 296 000	
Handsaming av avfall	kr 0	kr 0	kr 0	
Steinuttak	kr 0	kr 0	kr 0	
Transport inn	kr 0	kr 0	kr 0	
Personalkostnader	kr 1 286 837	kr 1 140 129	kr 146 708	12,9 %
Avskrivningar	kr 366 409	kr 355 382	kr 11 027	3,1 %
Transport ut	kr 273 000	kr 219 000	kr 54 000	24,7 %
Energi til produksjon	kr 72 894	kr 83 285	-kr 10 392	-12,5 %
Kostnad lokale	kr 27 041	kr 24 328	kr 2 713	11,2 %
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 932	kr 3 982	-kr 3 050	-76,6 %
Verkty, inventar og materiell	kr 57 714	kr 94 346	-kr 36 632	-38,8 %
Deponiavgift	kr 0	kr 0	kr 0	
Reparasjon og vedlikehold	kr 136 913	kr 117 810	kr 19 103	16,2 %
Eksterne tenester	kr 25 411	kr 30 982	-kr 5 571	-18,0 %
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 14 765	kr 21 000	-kr 6 236	-29,7 %
Telefon, porto o.l.	kr 4 959	kr 8 618	-kr 3 659	-42,5 %
Kostnad transportmidler	kr 0	kr 0	kr 0	
Reiser og diett	kr 10 901	kr 10 091	kr 810	8,0 %
Sals- og reklamekostnad	kr 0	kr 0	kr 0	
Kontingent og g�ve	kr 11 654	kr 15 273	-kr 3 619	-23,7 %
Forsikring, garantikostnad	kr 7 167	kr 7 582	-kr 415	-5,5 %
Andre driftskostnader	kr 1 329	kr 6 709	-kr 5 380	-80,2 %
Tap o.l.	kr 0	kr 0	kr 0	
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 2 001 925	kr 2 138 518	-kr 136 593	-6,4 %
DRIFTSRESULTAT	kr 452 964	-kr 13 601	kr 466 565	-3430,5 %
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter	kr 40 190	kr 25 673	kr 14 517	56,5 %
Finanskostnader	kr 533	kr 12 072	-kr 11 540	-95,6 %
NETTO FINANSPOSTAR	kr 39 658	kr 13 601	kr 26 057	191,6 %
RES F�R EKSTRAORD. POSTAR EKSTRAORD POSTAR	kr 492 622	kr 0	kr 492 621	
Ekstraordin�r inntekt	kr 0	kr 0	kr 0	
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0	
PERIODERESULTAT	kr 492 622	kr 0	kr 492 621	

Totalt

Rekneskap 2013

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	%vis avvik
DRIFTSINNTEKTER				
Handsamingsinntekter	kr 43 105 035	kr 44 944 000	-kr 1 838 965	-4,1 %
Transportinntekter	kr 34 637 747	kr 33 760 000	kr 877 747	2,6 %
Salgsinntekter	kr 11 392 237	kr 12 639 000	-kr 1 246 763	-9,9 %
Leieinntekter	kr 2 000 997	kr 2 148 000	-kr 147 003	-6,8 %
Andre driftsinntekter	kr 95 941	kr 81 000	kr 14 941	18,4 %
SUM DRIFTSINNTEKTER	kr 91 231 957	kr 93 572 000	-kr 2 340 043	-2,5 %
DRIFTSKOSTNADER				
Vareforbruk	kr 757 419	kr 1 457 000	-kr 699 581	-48,0 %
Handsaming av avfall	kr 7 128 449	kr 8 195 000	-kr 1 066 551	-13,0 %
Steinuttak	kr 2 062 046	kr 2 706 000	-kr 643 954	-23,8 %
Transport inn	kr 26 571 675	kr 27 271 000	-kr 699 325	-2,6 %
Personalkostnader	kr 21 608 957	kr 20 902 000	kr 706 957	3,4 %
Avskrivningar	kr 6 754 266	kr 8 610 000	-kr 1 855 734	-21,6 %
Transport ut	kr 11 149 721	kr 13 034 000	-kr 1 884 279	-14,5 %
Energi til produksjon	kr 1 038 086	kr 1 173 000	-kr 134 914	-11,5 %
Kostnad lokale	kr 533 193	kr 446 000	kr 87 193	19,5 %
Leige maskiner, inventar o.l.	kr 28 972	kr 237 000	-kr 208 028	-87,8 %
Verkty, inventar og materiell	kr 1 219 892	kr 953 000	kr 266 892	28,0 %
Deponiavgift	kr 775 217	kr 1 022 000	-kr 246 783	-24,1 %
Reparasjon og vedlikehold	kr 2 516 345	kr 2 283 000	kr 233 345	10,2 %
Eksterne tenester	kr 501 066	kr 568 000	-kr 66 934	-11,8 %
Kontorkostnad, trykksak ol	kr 629 431	kr 746 000	-kr 116 569	-15,6 %
Telefon, porto o.l.	kr 311 951	kr 368 000	-kr 56 049	-15,2 %
Kostnad transportmidler	kr 607 270	kr 525 000	kr 82 270	15,7 %
Reiser og diett	kr 214 947	kr 185 000	kr 29 947	16,2 %
Sals- og reklamekostnad	kr 787 982	kr 793 000	-kr 5 018	-0,6 %
Kontingent og gåve	kr 229 798	kr 280 000	-kr 50 202	-17,9 %
Forsikring, garantikostnad	kr 1 454 562	kr 977 000	kr 477 562	48,9 %
Andre driftskostnader	kr 127 764	kr 236 000	-kr 108 236	-45,9 %
Tap o.l.	-kr 491 388	kr 166 000	-kr 657 388	-396,0 %
SUM DRIFTSKOSTNADER	kr 86 517 620	kr 93 133 000	-kr 6 615 380	-7,1 %
DRIFTSRESULTAT	kr 4 714 338	kr 439 000	kr 4 275 338	973,9 %
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER				
Finansinntekter	kr 895 340	kr 469 000	kr 426 340	90,9 %
Finanskostnader	kr 9 819	kr 293 000	-kr 283 181	-96,6 %
NETTO FINANSPOSTAR	kr 885 521	kr 176 000	kr 709 521	403,1 %
RES FØR EKSTRAORD. POSTAR	kr 5 599 859	kr 615 000	kr 4 984 859	810,5 %
EKSTRAORD POSTAR				
Ekstraordinær inntekt	kr 0	kr 0	kr 0	
NETTO EKSTRAORD. POSTAR	kr 0	kr 0	kr 0	
PERIODERESULTAT	kr 5 599 859	kr 615 000	kr 4 984 859	810,5 %

Kommentarar til rekneskap for kvar avdeling 2013

For hushald og verksemd har administrasjonen gjeve kommentarar til alle samlepostar av driftsinntekter og samlepostar av driftskostnader. For slam og bilvrak har administrasjonen gjeve kommentarar til samlepostar av driftsinntekter og samlepostar av driftskostnader som har gjeve eit større avvik enn kr 50 000 i forhold til budsjett (hovudsakleg vert ikkje avvik kommentert viss det er mindre enn 2 %). Dersom avviket er større enn 10 %, vert også beløp ned til kr 10 000 forklart. Tala er runda av til næraste tusen kroner.

Generelt

Resultatet for 2013 er kr 4 495 000 etter skatt. Det var budsjettert med eit resultat på kr 615 000.

Hushald (Resultat 1 638 000, avvik + kr 740 000 i forhold til budsjett)

Handsamings- og transportinntekter (Avvik + kr 246 000, +0,6 %)

Auken i tal kundar har vore litt større enn budsjettert.

Salsinntekter (Avvik - kr 428 000, - 9,8 %)

Prisen på papir og papp har vore lågare enn budsjettert.

Leigeinntekter (Avvik - kr 12 000, - 12,0 %)

Gjenvinningsstasjonen i Knarvik har ikkje vore leigd ut heile året som budsjettert.

Andre driftsinntekter (Avvik + kr 16 000, + 21,4 %)

Det har vorte sendt ut fleire purringar (med purregebyr) enn budsjettert.

Vareforbruk (Avvik - kr 88 000, - 11,0 %)

Det har vorte kjøpt inn færre bioposar og plastsekkar og mindre ståltråd til avfallspressa enn budsjettert.

Handsaming av avfall (Avvik - kr 317 000, - 7,4 %)

Avviket skuldast i hovudsak litt lågare mengde farleg avfall og restavfall til forbrenning enn budsjettert.

Transport inn (Avvik - kr 444 000, - 2,7 %)

Det er brukt mindre pengar på ekstratøming av hyttekonteinarar enn budsjettert. NGIR har også leigd inn litt mindre køyring til vår/haustrydding og gjenvinningsstasjonar då ein har utført meir i eigen regi.

Personalkostnader (Avvik + kr 994 000, + 9,2 %)

Redusert mengder næringsavfall har endra på kostnadsfordelinga mellom dei ulike avdelingane. NGIR har utført meir transport sjølv enn budsjettert.

Avskrivningar (Avvik - kr 808 000, - 18,3 %)

Avviket skuldast utsette investeringar.

Transport ut (Avvik - kr 59 000, - 0,9 %)

Mindre treverk ut enn budsjettert.

Energi til produksjon (Avvik - kr 18 000, - 4,3 %)

Lågare straumprisar enn budsjettert.

Kostnad lokale (Avvik + kr 63 000, +27,4 %)

Brorparten av avviket skuldast at kostnaden til vassavgift var stor i 2013.

Leige maskiner, inventar o.l. (Avvik - kr 28 000, - 73,2 %)

NGIR har i 2013 ikkje leigd konteinrar/utstyr som skal belastast hushaldskundane.

Verkty, inventar og materiell (Avvik + kr 199 000, + 39,0 %)

Det er kjøpt meir verkty og utstyr og brukt meir pengar på data enn budsjettert.

Deponiavgift (Avvik - kr 1 000, - 2,0 %)

Som budsjettert.

Reparasjon og vedlikehald (Avvik + kr 80 000, + 8,9 %)

Det er brukt meir pengar på vedlikehald av vegar og uteanlegg enn budsjettert.

Eksterne tenester (Avvik - kr 18 000, - 6,0 %)

Det er brukt litt mindre pengar til juridisk bistand og konsulentar enn budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak ol (Avvik - kr 59 000, - 11,2 %)

Det er brukt mindre pengar på eksterne kurs/opplæring enn budsjettert.

Telefon, porto o.l (Avvik - kr 25 000, - 10,3 %)

Telefonikostnadene har vore lågare enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar (Avvik + kr 56 000, + 15,7 %)

NGIR har utført litt meir eigentransport enn budsjettert.

Reiser og diett (Avvik + kr 23 000, + 23,8 %)

NGIR har refundert meir reiseutgifter enn budsjettert (både adm. og styre/rep.skap).

Sals- og reklamekostnad (Avvik - kr 11 000, - 1,8 %)

Det er brukt litt mindre pengar på annonsering enn budsjettert.

Kontingent og gåve (Avvik - kr 18 000, - 12,5 %)

Kontingentkostnader har vore lågare enn budsjettert

Forsikring, garantikostnad (Avvik + kr 12 000, + 2,1 %)

Forsikringskostnader har vore litt høgare enn budsjettert

Andre driftskostnader (Avvik - kr 59 000, - 42,8 %)

Til disp. for styret vart brukt mindre enn budsjettert.

Tap o.l. (Avvik + kr 4 000, + 34,2 %)

Det er bokført tap på ein del gamle krav.

Netto finanspostar (Avvik - kr 399 000)

Større renteinntekter og lågare rentekostnader grunna utsette investeringar.

Verksemd (Resultat + kr 2 652 000, avvik + kr 2 652 000)

Handsamingsinntekter (Avvik - kr 2 125 000, - 9,5 %)

NGIR har fått inn mindre næringsavfall enn budsjettert.

Transportinntekter (Avvik - kr 84 000, - 1,8 %)

Det har vorte litt fakturert mindre transport via NGIR enn budsjettert.

Salsinntekter (Avvik - kr 1 149 000, - 18,7 %)

NGIR har teke imot og seld mindre skrapjern enn budsjettert.

Leigeinntekter (Avvik - kr 135 000, - 6,6 %)

NGIR har hatt lågare aktivitet på konteinarutleige enn budsjettert.

Andre driftsinntekter (Avvik - kr 1 000, - 8,3%)

Det har vorte sendt ut litt færre purringar (med purregebyr) enn budsjettert.

Vareforbruk (Avvik - kr 134 000, - 28,4 %)

Det er kjøpt mindre skrapjern og kompost for vidareasal enn budsjettert.

Handsaming av avfall (Avvik - kr 750 000, - 19,2 %)

NGIR har teke imot mindre restavfall enn budsjettert.

Steinuttak (Avvik - kr 644 000, - 23,8 %)

NGIR har seld mindre stein enn budsjettert.

Transport inn (Avvik - kr 291 000, - 6,5 %)

Det er henta inn mindre avfall på komprimatorbilane enn budsjettert.

Personalkostnader (Avvik - kr 424 000, - 5,1 %)

Redusert mengder næringsavfall har endra på kostnadsfordelinga mellom dei ulike avdelingane.

Avskrivningar (Avvik - kr 1 127 000, - 30,3 %)

Avviket skuldast i hovudsak utsette investeringar, men også endra fordelingsnøkkel grunna reduserte mengder frå næring.

Transport ut (Avvik - kr 1 879 000, - 29,0 %)

Mindre treverk og restavfall enn budsjettert.

Energi til produksjon (Avvik - kr 101 000, - 15,9 %)

Lågare mengder næringsavfall fører til endra fordelingsnøklar.

Kostnad lokale (Avvik + kr 19 000, +10,8 %)

Brorparten av avviket skuldast at kostnaden til vassavgift var stor i 2013.

Leige maskiner, inventar o.l. (Avvik - kr 176 000, - 91,0 %)

NGIR har i 2013 leigd lite konteinarar/utstyr for vidareutleige.

Verkty, inventar og materiell (Avvik + kr 97 000, + 29,8 %)

Det er kjøpt meir verkty og utstyr og brukt meir pengar på data enn budsjettert.

Deponiavgift (Avvik - kr 245 000, - 25,8 %)

Mindre mengder avgiftsbelagt avfall til deponi.

Reparasjon og vedlikehald (Avvik + kr 124 000, + 10,4 %)

Det er brukt meir pengar på vedlikehald av vegar og uteanlegg enn budsjettert.

Eksterne tenester (Avvik - kr 42 000, - 18,2 %)

Det er brukt litt mindre pengar til juridisk bistand og konsulentar enn budsjettert.

Kontorkostnad, trykksak o.l (Avvik - kr 48 000, - 25,8 %)

Det er brukt mindre pengar på eksterne kurs/opplæring enn budsjettert.

Telefon, porto o.l (Avvik - kr 26 000, - 22,4 %)

Telefonkostnadene har vore lågare enn budsjettert.

Kostnad transportmidlar (Avvik + kr 26 000, + 15,7 %)

Vedlikehaldskostnadene har auka.

Reiser og diett (Avvik + kr 6 000, + 7,7 %)

NGIR har refundert meir reiseutgifter enn budsjettert (både adm. og styre/rep.skap).

Sals- og reklamekostnad (Avvik + kr 6 000, + 2,7 %)

Om lag som budsjettert.

Kontingent og gåve (Avvik - kr 27 000, - 23,9 %)

Kontingentkostnader har vore lågare enn budsjettert

Forsikring, garantikostnad (Avvik + kr 466 000, + 118,3 %)

Det er sett av kr 25 per tonn avfall til deponi (til etterdriftsfond) og mengda til deponi er større enn budsjettert.

Andre driftskostnader (Avvik - kr 42 000, - 46,8 %)

Til disp. for styret vart brukt mindre enn budsjettert.

Tap o.l. (Avvik - kr 662 000)

Tidlegare avsetning til tap på krav er tilbakeført.

Netto finanspostar (Avvik - kr 271 000)

Større renteinntekter og lågare rentekostnader grunna utsette investeringar.

Slam (Resultat + kr 818 000, avvik + kr 1 101 000 i forhold til budsjettt)

Handsaming og transport (Avvik + kr 1 002 000, + 14,6 %)

Fleire tømte private og kommunale avskiljarar enn rekna med

Vareforbruk (Avvik - kr 182 000, - 97,4 %)

NGIR har ikkje leigd inn fliskuttar for flising av treverk til kompostering av slam.

Avskrivningar (Avvik + kr 69 000, + 60,5 %)

Gjennomgong av fordelingsnøklar viser at større delar av avskrivningane skal belastast slam enn det som var budsjettert.

Reparasjon og vedlikehald (Avvik + kr 10 000, + 14,2 %)

Det er brukt meir pengar på vedlikehald av vegar og uteanlegg enn budsjettert.

Netto finanspostar (*Avvik - kr 13 000*)

Høgare renteinntekter enn budsjettert.

Bilvrak (Resultat + kr 493 000, avvik + kr 493 000 i forhold til budsjett)

Salsinntekter (*Avvik + kr 330 000, + 15,5 %*)

NGIR tok i mot 2218 bilvrak i 2013 mot 1862 i 2012, men skrapjernsprisen har vore lågare enn budsjettert.

Vareforbruk (*Avvik - kr 296 000*)

Lageret av katalysatorar har auka.

Personalkostnader (*Avvik + kr 147 000, + 12,9 %*)

Auka mengder bilvrak har ført til auka bruk av personell.

Transport ut (*Avvik + kr 54 000, + 24,7 %*)

Tal bilvrak ut auka med 19 % frå 2012 til 2013.

Energi til produksjon (*Avvik - kr 10 000, - 12,5 %*)

Fordeling av dieselforbruk er gjennomgått og endra i tråd med reell bruk.

Verkty, inventar og materiell (*Avvik - kr 37 000, - 38,8 %*)

Det er kjøpt mindre verkty og utstyr til arbeid med bilvraka enn budsjettert.

Reparasjon og vedlikehald (*Avvik + kr 19 000, + 16,2 %*)

Det er brukt meir pengar på vedlikehald av vegar og uteanlegg enn budsjettert.

Netto finanspostar (*Avvik - kr 26 000*)

Høgare renteinntekter enn budsjettert.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.14

Sak nr: 05/14

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Årsmelding 2013

Årsmelding for 2013 ligg ved.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2013 fram for representantskapet for godkjenning.

Vedtak i styret 28.04.14:

Styret legg NGIR si årsmelding for 2013 fram for representantskapet for godkjenning.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.14

Sak nr: 06/14

Sakshandsamar: Erlend Kleiveland

Honorar til revisor

Nordhordland Revisjonsdistrikt har utført revisjon av føreliggjande forvaltnings- og rekneskapsdokumentasjon for NGIR. Kostnaden for 2013 er sett til kr 43 000.

Budsjetterte kostnader for 2013 var kr 44 000.
Kostnaden for 2012 var kr 42 000.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.

Styret sitt vedtak 28.04.14:

Styret rår til at representantskapet godkjenner revisjonskostnadene på kr 43 000.



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.14

Sak nr: 07/14

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

Vedlegg: Retningslinjer for valnemnda
Oversyn over styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR
Oversyn over kva kommunar styremedlemmer, varamedlemmer, styreleiar og nestleiar i styret har vore frå i perioden 2004-d.d.

Sakutgreiing

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

Styremedlemmer:

Helge Fjellanger, Lindås (2014)
Kristin Handeland, Fedje (2014)
Harald Farestveit, Modalen (2014)
Ottar Skjelvik, Meland (2015)
Kari Utkilen, Austrheim (2015)

Varamedlemmer:

1. vara: Vigdis Søvik, Masfjorden (2014)
2. vara: Martin Soltveit, Radøy (2014)
3. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2014)

I 2006 vart § 13 i NGIR sine vedtekter (Selskapsavtale) endra, og lyder no slik:

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett.

Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet. Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finne stad. Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vere medlem eller varamedlem i styret.

Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:

- *Personlege kvalifikasjonar for oppgåva*
- *Kontinuitet i styrearbeidet*
- *At likestillingslova sine reglar om kjønnsfordeling i offentlege utval m.v. skal følgjast*
- *Geografisk fordeling i NGIR-regionen **

** Eitt styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen Lindås.*

På konstituerande møte 20.02.12 gjorde representantskapet følgjande vedtak om valnemnd:

Valnemnda i representantskapet får følgjande medlemmer for perioden 2011-2015:

Inga Jorunn Nåndal (Modalen)
Ståle Juvik Hauge (Lindås)
Marianne T. Osa (Radøy)

Varamedlemmer vert:

Atle Håtuft (Meland) – 1. vara
Liv Ulvøy (Austrheim) – 2. vara

Valnemnda hadde sitt første møte 12.03.12, og valde då Ståle Juvik Hauge til leiar. Inga Jorunn Nåndal er valt til nestleiar.

Valnemnda hadde møte 06.03.14 for å førebu vala som representantskapet skal gjera 26.05.14. Valnemnda ynskjer kontinuitet i styrearbeidet hjå NGIR. Eit styremedlem har på eige ynskje bede om avløysing. Det har valnemnda teke omsyn til. Medlemmene i representantskapet har ikkje tilkjennegitt ynskje om utskiftingar i styret. Valnemnda si innstilling er samrøystes.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Styret i NGIR får følgjande samansetning etter årsmøtet 26.05.14:

Styremedlemmer:

Helge Fjellanger, Lindås (2016)
Kristin Handeland, Fedje (2016)
Vigdís Søvik, Masfjorden (2016)
Ottar Skjelvik, Meland (2015)
Kari Utkilen, Austrheim (2015)

Varamedlemmer:

1. vara: Martin Soltveit, Radøy (2015)
2. vara: Anne-Mette Dahl Andreassen, Gulen (2015)
3. vara: Kjetil Eikefet, Modalen (2015)

Retningslinjer for valnemnda for representantskapet i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Sist revidert av representantskapet 29.10.12

1. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. Valnemnda vert valt av representantskapet, blant representantskapet sine medlemmer, på konstituerande møte.
2. Valnemnda skal gje innstilling til representantskapet om følgjande val (jf. vedtektene til NGIR, §§ 8, 9, 10, og 13):
 - Val av leiar og nestleiar i representantskapet
 - Val av valnemnd
 - Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
 - Val av leiar og nestleiar i styret
 - Eventuelle andre valInnstilling frå valnemnda skal sendast ut saman med sakspapir minst 14 dagar før møte i representantskapet.
3. Til konstituerande møte for nytt representantskap førebur sitjande valnemnd dei val som er nemnt i dei to første strekpunkt i punkt 2. Ny valnemnd førebur val etter strekpunkt tre og fire i punkt 2 til representantskapet sitt årsmøte.
4. Medlemmer og varamedlemmer i valnemnda vert valde for 4 år, og har funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny valnemnd. Valnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
5. Leiar og nestleiar i representantskapet vert og valde for 4 år, med same valperiode som representantskapet. Funksjonstida er fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny leiar og nestleiar.
6. Valperioden til styremedlemmene er 2 år. For å unngå utskifting av heile styret samstundes, skal vekselvis 2 og 3 medlemmer, med varamedlemmer, stå på val kvart år. Leiar og nestleiar i styret vert valt for eitt år.
7. Styret skal ha det tal medlemmer og varamedlemmer, og den samansetjing, som står i vedtektene til NGIR, § 13.
8. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem eller varamedlem i styret. Vert medlem av representantskapet valt inn i styret, kan vararepresentant rykkje inn i representantskapet, og kommunen velja nytt varamedlem.
9. Valnemnda har plikt til å spørja aktuelle kandidatar før dei vert innstilt til val eller attval.
10. Administrasjonen i NGIR er sekretær for valnemnda, og kallar saman valnemnda i god tid før representantskapet skal føreta dei aktuelle val.

Representantskapet kan gjera vedtak om endring av retningslinjer for valnemnda.

Sitjande styremedlemmer og varamedlemmer sin "historikk" hjå NGIR

Helge Fjellanger

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Styreleiar frå 2012 – d.d.

Ottar Skjelvik

Styremedlem frå 2005 – d.d.

Nestleiar i styret frå 2012 – d.d.

Kari Utkilen

Varamedlem i styret frå 2008 (3. vara)

Styremedlem frå 2009 – d.d.

Harald Farestveit

Varamedlem i styret frå 2005 – 2011 (2. vara frå 2006, 1. vara frå 2008)

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Kristin Handeland

Styremedlem frå 2012 – d.d.

Vigdis Søvik

Varamedlem i styret frå 2009 – d.d. (3. vara frå 2009, 1. vara frå 2012)

Martin Soltveit

Varamedlem i styret frå 2012 – d.d. (2. vara)

Anne-Mette Dahl Andreassen

Varamedlem i styret frå 2012 – d.d. (3. vara)

Tabellen under viser kva kommunar medlemmene og varamedlemmene i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2004:

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Austrheim	Styrem.	Styrem.	-	-	3. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Fedje	Vara	Vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Gulen	Vara	Vara	3. vara	3. vara	2. vara	2. vara	2. vara	2. vara	3. vara	3. vara
Lindås	Fast medl. + vara	Fast medl. + vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Masfj.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	3. vara	3. vara	3. vara	1. vara	1. vara
Meland	Vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
Modalen	Styrem.	Vara	2. vara	2. vara	1. vara	1. vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.
Radøy	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	-	-	2. vara	2. vara
Solund	Vara	Vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	-

Tabellen under viser kva kommunar leiar/nestleiar i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2004:

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Leiar	Austrheim	Austrheim	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås
Nestleiar	Lindås	Lindås	Radøy	Radøy	Radøy	Fedje	Fedje	Fedje	Meland	Meland



REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 26.05.14

Sak nr: 08/14

Sakshandsamar: H. Lysø

Val av leiar og nestleiar i styret

Sakutgreiing

Syner til sak 07/14.

Styret hjå NGIR har i dag følgjande leiing:

Helge Fjellanger, Lindås, styreleiar

Ottar Skjelvik, Meland, nestleiar

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Helge Fjellanger, Lindås, vert attvalt som leiar i NGIR sitt styre for eitt år.

Ottar Skjelvik, Meland, vert attvalt som nestleiar i NGIR sitt styre for eitt år.